

Årsmelding 2024

Norheimsund Hamneutvikling SA er eit partlag skipa 11.03.2004 der 185 parthavarar har skote inn til saman kr 631.000 i partskapital. Føremålet er hamneutvikling og drift av gjestehamn i Norheimsund. Førrige ordinære årsmøte var 12.03.2024. Her fylgjer årsmelding for det 21. driftsåret, 2024:

1. Styret

Styret har vore: Hallvard Bjørgum, Stein Pedersen, Olav E. Sandven, Eivind Tysse og Geirmund Storaas (leiar). Styret har halde 3 møte i 2024 og handsama 19 saker.

2. Norheimsund Gjestehamn

Gjestehamna er populær og i god drift. Vinteromsetninga er basert på månadsleige og auka frå kr 138 tusen i 2023 til kr 259 tusen i 2024. Det er den beste vinteren i laget sin historie med 11 norske, 6 franske, amerikanske, australske, sveitsiske, færøyske og tyske båtar. Sommarsesongen juni, juli og august er basert på døgnleige. Inntektene auka frå kr 278 tusen i 2023 til kr 288 tusen i 2024.

3. Norheimsund Rib Seafari

2024 var den sjette sesongen med RIB og fyrste sesongen med to båtar. Billettsalet auka likevel berre frå kr 1.010 tusen til kr 1.067 tusen. Grunna driftsutfordringar med "RIB 1" var det godt å ha "RIB 2" i bakhand i 2024. Men potensialet i to båtar er ikkje fullt utnytta. Me ser fram til 2025-sesongen.

4. Bota Bunkers

Oljekaien "Bota Bunkers" kom i drift 03.10.2020. Omsetninga auka frå kr 2.048 tusen i 2023 til kr 2.093 tusen i 2024 og gjev eit lite bidrag til laget. I 2025 får me ein kostnad med tetting mellom oljetank og betongflytekai.

5. Dugnad og personal

Laget vert drive på dugnad, men cox på rib på dagtid i sesong og noko vask og vedlikehald vert betalt. Styret vil særskilt nemna bås Bjarte Nygård og tømmermann Svein Petter Bårdsgjære.

6. Økonomi

Total omsetning var i 2024 kr 3,8 mill mot kr 3,5 mill i 2023. Rekneskapen vart gjort opp med eit underskot på kr 40 tusen etter fulle avskrivningar og rentebelastning. Me sit att med eit lån på kr 2,8 mill etter dei siste åra å ha investert kr 2,9 mill i rib og kr 2,5 mill i oljekai. Total eigenkapital er kr 1,962 tusen. Med framleis stor dugnadsinnsats meiner styret at økonomien er under kontroll.

7. Takk

Norheimsund Hamneutvikling SA seglar i medvind og er vorte ein viktig bidragsytar til trivnad på heimplassen vår. Utan dei 185 parthavarane som gjennom kjøp av ein eller fleire 1000 kr-partar har gjeve laget kr 631 tusen i partskapital, og alle andre som bidreg med godvilje eller praktisk innsats ville ikkje dette vore mogeleg. Ein stor takk til alle.

Norheimsund, 21.01.2025

Styret

Hallvard Bjørgum, Stein Pedersen

Olav E. Sandven, Eivind Tysse

Geirmund Storaas (leiar)

Geirmund Storaas
Hallvard Bjørgum
Eivind Tysse
Stein Pedersen
Olav E. Sandven